

## ÅRSMELDING 2015

# BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

---

## Samansetjing av utvalet f.o.m januar 2015

<b>Faste medlemar:</b>
Inge Aareskjold Fiskvik, FFO, ny, leiar
Magnus Mjelde, Kreftforeningen, nestleiar
Svein Nord Kristiansen, FFO, ny
Bente Orlén Westervik, FFO
Anniken J. Kval, FFO, ny
Kirsten Eikanger Mjelde, FFO, ny
Hjørdis Dahle, SAFO, ny
Ida Carlsen Eide SAFO
Margot Bertheussen, Fylkeseldrerådet
Inger Lise Kjeksrud, RIO, ny

<b>Varamedlemar:</b>
1. Jorunn Gjerken, FFO, ny
2. Torill Irene Haara, FFO, ny
3. Erling Jacobsen, FFO
4. Karl Peder Henriksen, FFO
5. Dag Einar Liland, FFO, ny
1. Ulrikke Amundsen Tranberg, SAFO, ny
2. Ingeleiv Haugen, SAFO, ny
Nils Haugland, Kreftforeningen
Monrad Reigstad, Fylkeseldrerådet
Hilde Otteren, RIO, ny

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum Av Funksjonshemmedes Organisasjoner

RIO: Rusmisbrukernes interesseorganisasjon

### Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerende direktør,

Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/

Sekretariat for utvalet

## Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 10 møter og har handsama i alt 96 saker i 2015.

Det har også i 2015 vore stor aktivitet i Brukarutvalet.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2015.

Det er pr. november 2015 pågåande 77 arbeidsgrupper, prosjekt, program eller utval der det er brukarmedverknad. Hovedtyngda er innanfor felte psykisk helse der brukarane deltek i 18 prosjekt og samhandling med kommunane kor det er deltaking frå brukarane i 14 utval eller prosjekt/arbeidsgrupper. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala, som kvar har minst 4 møter årleg. Det har i 2015 også vore arbeidd særskild mykje med:

- ❖ Framtidig brukarmedverknad i Helse Bergen
  - Etablering av ungdomsråd
  - Etablering av erfaringspanel psykisk helse
- ❖ Etikk og kommunikasjonsprogrammet
- ❖ Prosjekt poliklinikk
- ❖ Barnas Energisenter

## **Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen**

Viseadm. direktør møter på så godt som alle møter og held Brukarutvalet godt orientert om aktivitetar og planar i verksemda. Ved andre høve har divisjonsdirektørar halde orienteringar. Det har vore ein god dialog mellom føretaksleiinga og brukarutvalet.

Frå den nye oppnemninga i 2015 er også ein brukarorganisasjon innanfor tverrfagleg spesialisert rushandsaming blitt representert i Brukarutvalet. Dette har gitt utvalet ein ny dimensjon og kompetanse i arbeidet med brukarmedverknad.

Det har både i 2014 og 2015 vore fokus på vidare utvikling av brukarmedverknad i Helse Bergen. Dette har til no munna ut i etablering av eit ungdomsråd og eit erfaringspanel innan psykisk helse. Det er særskild viktig at det blir ein god dialog og oppgåvefordeling mellom desse nye fora for brukarmedverknad og det etablerte Brukarutvalet. Det har vore viktig for Brukarutvalet å sikre at ein ikkje får ei oppstyking av brukarmedverknaden, men at dei ny oppnemnde råda skal gje både for brukarar og føretaket eit utvida tilbod.. Ønsket er å få ein meir effektiv og heilskapleg medverknad og samtidig ha brukarutvalet som eit sentralt nav i arbeid inn mot brukarmedverknad, særskild på systemnivå.

### **Utfordringar**

Det er framleis viktig å arbeide vidare med å sikre brukarmedverknad i alle prosjekt som har konsekvensar for brukarane både direkte og indirekte. Ein har i Brukarutvalet til tider blitt presentert for prosjekt der brukarmedverknad ikkje har vore ivareteke på ein god nok måte. Det er vidare eit kapasitetsspørsmål for medlemmane i Brukarutvalet. Auka etterspurnad etter brukarrepresentantar krev fleire hendar inn i arbeidet, og auka ressursbruk vil måtte forventast også for føretaket. Brukarutvalet, gjennom leiar og nestleiar, har heile tida halde kontakt mellom Brukarutvalet og dei einskilde interessorganisasjonane. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemmane av einskildorganisasjonar har. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person. Derfor er det viktig å framleis melde inn prosjekta til brukarutvalet i samsvar med gjeldande retningslinjer. Det er eit ønske at eit fast skjema utarbeidd av utvalet nyttast under slik innmelding. Eit vidare arbeid blir framleis å gjere utvalet godt kjend i heile føretaket og at korrekt

framgangsmåte blir allment kjend. Slik sørgjer ein for gode rutinar for å sikre at brukarmedverknad blir følgd opp inn i alle aktuelle prosjekt.

Det er ei felles utfordring for føretak og brukarar å bidra til vidare utvikling av brukarrolla og korleis befolkning og pasientar skal kunne bidra til oppfylling av intensjonane i samhandlingsreforma, der eiga læring og meistring står sentralt. Brukarutvalet vil framleis strekke seg for å kunne medverke i tenesteutforming gjennom plan- og utviklingsarbeidet og saman med føretaksleiinga sørgje for eit sjukehus orientert rundt brukarar.

### **Kurs og seminar**

I løpet av 2015 har representantar frå utvalet vore til stades på fleire seminar og kurs for å halde seg oppdatert på feltet. Leiar deltok og på Rehabiliteringskonferansen i Haugesund.

Som brukarutvalsmedlemmar er fleire blitt bedt om å halde foredrag og innlegg, til dømes på Erfaringskonferansen til Helsedirektoratet, på Prosjektforum i Helse Bergen, LMS og Møteplass 2015. Slike oppdrag har vore med på å utvikle utvalet og til ytterligare kompetanseheving hjå medlemmane.

### **Rekneskap**

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjetttramma er fastsett av føretaksleiinga. Nødvendige kostnader blir belasta føretaksleiinga.

Kostnader:	2014 (nov)	20158(okt)
Møtegodtgjersle m/ reiser	195 000	353 000
Andre kostnader		
Møter, kurs, seminar og kongressar	23 000	42 000
Totalt	218 000	395 000

Bergen 01.12.2015

Inge Aareskjold Fiskvik  
Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 01.12.2015

